



Innkalling Formannskapet

Møtedato: 19.03.2014
Møtested: Kommunehuset - Børilden
Møtetid: 09:00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
046/14	Godkjenning av innkalling og saksliste
047/14	Godkjenning av møteprotokoll
048/14	Meldingar
048/14.1	Tilbakemelding - Austrheim - Budsjett 2014 - Økonomiplan 2014 - 2017
048/14.2	Informasjon angående nedlegging av Austrheim tannklinikk
048/14.3	Svar på søknad om tilskot til trafikksikringsarrangement
049/14	Delegerte saker
033/14	Vedtekne skule- barnehageruter 2014-2015
034/14	Vedtak-Søknad - delingssak gbnr 142/101 - Sætremarka - areal til Torghuset
035/14	Vedtak-Gbnr.142/172 og Gbnr. 142/18 -Breidvik-Frådelingsøknad
036/14	Nødnettinnføring og opplæring av kommunalt legevaktpersonell i bruk av nødnett
038/14	Søknad - gbnr 158/27 - Lerøy - ferdigattest
041/14	Sak 14/409 Søknad om rammeløyve 2 tomannsbustader - mellombels bruksløyve
050/14	Orienteringssak
051/14	Delingsak-gbnr131/56- Leirvåg-Deling av bustadtomt
052/14	Gbnr 164/7- Austrheim kommune si finansiering til opparbeiding av parkeringsplass på Krossøy-Vedtak
053/14	Tilskot til drift av havsporthus

- 054/14 Vedtak - Planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.».
Oppstart av planarbeid
- 055/14 Høyring av utkast til Klimaplanen for Hordaland 2014 - 2030 - uttale
- 056/14 Breibandutbygging i Austrheim - val av tilbod
- 057/14 Retningslinjer for tildeling til dugnad ved større arrangement

NB! Det vert synfaring i sak 051/14 kl. 12.00

Dato 12.03.2014

Per Lerøy
Ordførar

Jan Olav Osen
Rådmann

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ruth Karin Halvorsen		14/394

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
047/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ruth Karin Halvorsen		14/394

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 05.03.2014

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 05.03.2014
Møtestad: Børilden
Møtetid: 09:00 – 13:30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordførar
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Reidar Øksnes	SP

Følgende fra administrasjonen møtte:

Rådmann Jan Olav Osen, avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft og avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel

Austrheim, 11.03.2014

Per Lerøy
Ordførar

Jan Olav Osen
Rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
029/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
030/14	Godkjenning av møteprotokoll
031/14	Meldingar
032/14	Delegerte saker
033/14	Orienteringssak
034/14	Ferdigstilling av klubbhus - 2. høgd/eventuelt 1. høgd
035/14	Avtale om turveg og parkering frå Tresvik til Årevika
036/14	Etablering av pumpestasjon i Åråsvågen
037/14	Beredskap - førebygging av utmarksbrann, oppstart av prosjekt - vedtak
038/14	Vedtak- Ny pensjonsordning for folkevalde
039/14	Oppstart av strategiprosess/rullering av strategisk næringsplan for Ildås og Austrheim kommunar (2011 - 2020)
040/14	Utviding av fortau og reprasjon av busslomme ved kommunehuset på FV 565
041/14	Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS - søknad om utviding av havbruksareal på Øksneset- Dispensasjon og uttale ..
042/14	Gbnr 139/4 Solen - Frådelingssøknad av tilleggsareal til gbnr 139/46
043/14	Gbnr. 164/7- Avtale mellom grunneigarar og Austrheim kommune om bruksrett til parkeringsplass og gangrett - Krossøy
044/14	Vedtak- Plansak- Områdeplan Nordre Fønnesvågen-Uttale
045/14	Budsjettoppfølging januar 2014

029/14: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

030/14: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

031/14: Meldingar

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

032/14: Delegerte saker

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

033/14: Orienteringssak**Behandling:**

Avdelingsleiar Rolf Henning Myrmel og Asbjørn Toft orienterte om ilandføringspunkt og leidningstrase for oljeframføringa til Johan Sverdrup-prosjektet

Vedtak:

Orienteringa vert teke til vitande.

034/14: Ferdigstilling av klubbhus - 2. høgde/eventuelt 1. høgde**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart tilrådd med 2 røyster mot 2 røyster (Liv Ulvøy og Ernst Stellberg). Ordføraren nytta dobbelrøysta.

Vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å ferdigstille klubbhuset i samråd med Austrheim idrettslag (AIL), på ein slik måte at det kan støtte Vaksenopplæringa (VO) sine behov for undervisningsrom på dagtid. Ein går då bort frå dugnadsarbeid knytt til 2. høgda, og eventuelt garderobane i kjellaren. Rådmannen ber om ei ekstra økonomisk ramme for dette på kr. 700.000. Arbeidet vert å utføre innan ultimo september 2014.

Kostnadene vert dekkja med lån av budsjetterte midlar til nye omsorgsbustader.

035/14: Avtale om turveg og parkering frå Tresvik til Årevika

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim kommune inngår avtale om turveg og parkering frå Tresvik til Årvika, med grunneigar Arild Tresvik og Merete Rikstad Tresvik, del av gnr 131, bnr. 19. Avtalen har verknad frå 01.01.14 og varer i 40 år.

036/14: Etablering av pumpestasjon i Åråsvågen

Behandling:

Framlegg frå ordføraren:

1. Austrheim kommune står som utbygger for heile prosjektet etablering av pumpestasjon i Åråsvågen som vert lagt ut på anbod etter regelverket om offentleg innkjøp.
2. Austrheim kommune inngår samarbeid med Kystlandsbyen AS om pumpestasjon i Åråsvågen etter fylgjande kostnadsdeling:

A				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
1.	Avtale om grunn	160 000	96 000	64 000
2.	Veg	76 500	45 900	30 600
3.	Utsprenging av grunn til kloakkstasjonen.	175 500	105 300	70 200
4.	Bygging av kloakkstasjonshuset	97 020	58 212	38 808
5.	Administrasjon, prosjektering m.m	180 000	108 000	72 000
		689 020	413 412	275 608
Avtalane under punkt 1 og 2 skal tinglysast.				
B				
I tillegg vert fylgjande tiltak fordelt slik. Rådmannen får mynde til åinnhenta anbod pådesse				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
6	Utstyr til pumpestasjonen	480.000	288.000	192.000

7	El-kablar og vassleidning	Ikkje klarlagt	60%	40%
C. Påfylgjande punkt er Kystlandsbyen sine kostnader og kommunen sine kostnader i tråd med saksframstillinga.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
8	Utgifter til flytting/utskifting av leidningar	Ikkje klarlagt		
9	Utsprenging av kanal	515.220		

3.Rådmannen får mynde til å inngå avtalar med Kystlandsbyen AS om utbygginga og kostnadsfordeling.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes tilrådd.

Tilrådd:

1. Austrheim kommune står som utbygger for heile prosjektet etablering av pumpestasjon i Åråsvågen som vert lagt ut på anbod etter regelverket om offentleg innkjøp.
2. Austrheim kommune inngår samarbeid med Kystlandsbyen AS om pumpestasjon i Åråsvågen etter fylgjande kostnadsdeling:

A				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
1.	Avtale om grunn	160 000	96 000	64 000
2.	Veg	76 500	45 900	30 600
3.	Utsprenging av grunn til kloakkstasjonen.	175 500	105 300	70 200
4.	Bygging av kloakkstasjonshuset	97 020	58 212	38 808
5.	Administrasjon, prosjektering m.m	180 000	108 000	72 000
		689 020	413 412	275 608
Avtalane under punkt 1 og 2 skal tinglysast.				
B				
I tillegg vert fylgjande tiltak fordelt slik. Rådmannen får mynde til å innhenta anbod pådesse				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
6	Utstyr til pumpestasjonen	480.000	288.000	192.000

7	El-kablar og vassleidning	Ikkje klarlagt	60%	40%
C. Påfølgjande punkt er Kystlandsbyen sine kostnader og kommunen sine kostnader i tråd med saksframstillinga.				
Nr	Tiltak	Kostnad eks. mva.	60 % kommunalt	40% Kystlandsbyen
8	Utgifter til flytting/utskifting av leidningar	Ikkje klarlagt		
9	Utsprenging av kanal	515.220		

3.Rådmannen får mynde til å inngå avtalar med Kystlandsbyen AS om utbygginga og kostnadsfordeling.

037/14: Beredskap - førebygging av utmarksbrann, oppstart av prosjekt - vedtak

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune gjev Rådmannen i oppdrag å starte eit forprosjekt som har til hensikt å kartleggja moglege løysingar og økonomiske og resursmessige kostnader med tiltak for å redusere risikoen for og konsekvensane ved ein større utmarksbrann. Forprosjektet skal i utgangspunktet utførast saman med kommunane Radøy og Fedje, samt vårt felles landbrukskontor. Forprosjektet omfattar og mynde til å søke skjønsmidlar og andre tilskotsordningar.

038/14: Vedtak- Ny pensjonsordning for folkevalde

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

Vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner at ordfører blir meldt inn i den ordinære kommunale tenestepensjonsordninga og rår også at ein inngår avtale om AFP 62-64 år for dei folkevalde.

039/14: Oppstart av strategiprosess/rullering av strategisk næringsplan for Iindås og Austrheim kommunar (2011 - 2020)**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg til tilråding vart samrøystes tilrådd.

Tilrådd:

Austrheim kommunestyre godkjenner framlegget om strategiprosess/rullering av strategisk næringsplan, i tråd med det som er skildra i saksutgreiinga.

040/14: Utviding av fortau og reprasjon av busslomme ved kommunehuset på FV 565**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim formannskap godkjenner at rådmannen inngår kontrakt med Odd Haugen Maskinstasjon AS for oppgradering av fortauet og busslomme fra kommunehuset langs FV565 til skulevegen total kr 125.125,- inkl mva. Kostnaden vert dekt fra konto for trafikksikring.

041/14: Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS - søknad om utviding av havbruksareal på Øksneset- Dispensasjon og uttale ..**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim kommune gjev ikkje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø til Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS til utviding av havbruksarealet på Øksneset mot sør som omsøkt. Grunngevinga er at omsøkt tiltak i sør ikkje er i tråd med arealformålet i kommuneplanen og omsøkt tiltak i FFNF-området vil her koma i strid med tradisjonelt fiske og friluftsliv i sjøområdet. Viser elles til saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jamfør § 1-8. Naturmangfaldlova: Omsøkte tiltak i sør vil komme i konflikt med naturmangfaldslova på grunn av havoterbestanden i området og tiltaket kan difor ikkje gjennomførast. Grunngevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i Naturmangfaldlova si §5- 7 og § 8-10. Uttale til søknad: Austrheim kommune vil peika på at det er viktig at alle ilane/fortøyningar frå matfiskanlegget ikkje på noko måte kjem i berøring med rekefeltet i arealdelen til Austrheim kommune sin kommuneplan. Utvidinga av matfiskeanlegget mot nord er i Austrheim kommune i tråd med kommuneplanen, men uheldig ut frå havoterbestanden i området og i direkte konflikt med naturmangfaldlova. Austrheim kommune ynskjer av omsyn til skaldyr i området og på grunn av nærleiken til det store rekefeltet her eit forbod mot bruk av kjemikaliar som inneheld kitinhemmarar på dette havbruksanlegget. Desse punkta må inn som eit vilkår i eit eventuelt løyve frå Hordaland Fylkeskommune. Austrheim kommune meiner at omsøkte tiltak nært både holmar og landområde vil koma i direkte konflikt med naturmangfaldslova.

042/14: Gbnr 139/4 Solen - Frådelingssøknad av tilleggsareal til gbnr 139/46**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det vert gjeve samtykke på vilkår til frådeling som omsøkt på gnr 139 bnr 4: Vilkåret er at gnr 139 bnr 46 får tinglyst rett og avtale på naudsynt VVA infrastruktur med gnr 139 bnr 4. Vilkåret er at det frådelte arealet skal samanføyast med gnr 139 bnr 46. Vilkåret er at gnr 139 bnr 46 skal ha all gjerdeplikt på sin tomt. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan-og bygningslova §19-2 jamfør §1-8. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

043/14: Gbnr. 164/7- Avtale mellom grunneigarar og Austrheim kommune om bruksrett til parkeringsplass og gangrett - Krossøy**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim formannskap godkjenner avtalen om «Erklæring om rett i fast eigedom» mellom grunneigarane og Austrheim kommune slik den no ligg føre. Grunngevinga er at det er viktig både for grunneigarane, turgåarar og besøkjande at denne bruksavtalen no kjem på plass. Rådmannen rår til at eit kommunalt tilskot på kr 50.000 frå Austrheim kommune vert løyvd til opparbeiding av ny tilkomstveg på Krossøy og i samsvar med avtale. Midlane på kr 50.000 vert teke frå disposisjonsfondet.

044/14: Vedtak- Plansak- Områdeplan Nordre Fønnesvågen-Uttale**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austrheim Formannskap tek til orientering SVECO sin stad- og arealanalyse for Nordre Fønnesvågen, datert 17.01.2014. Formannskapet tek til og til orientering SVECO sin SWOT-analyse og 2 alternative skisseforslag for Nordre Fønnesvågen, datert 17.01.2014. Formannskapet meiner at SWECO i sitt planarbeid må prioritera ideane som kjem fram i Alternativ 1 som heiter Lokalsamfunnet: Livskraft i Nordre Fønnesvågen.

045/14: Budsjettoppfølging januar 2014**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Budsjettoppfølging for januar 2014 vert teke til orientering

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ruth Karin Halvorsen		14/394

Meldingar

Vedlegg:

Svar på søknad om tilskot til trafikksikringsarrangement
Nedlegging av Austrheim tannklinikk
Tilbakemelding budsjett

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
048/14.1	Tilbakemelding - Austrheim - Budsjett 2014 - Økonomiplan 2014 - 2017
048/14.2	Informasjon angående nedlegging av Austrheim tannklinikk
048/14.3	Svar på søknad om tilskot til trafikksikringsarrangement

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

SAMFERDSELSAVDELINGA
Vegseksjonen - SAMF AVD

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Dato: 04.03.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/1230-24

Svar på søknad om tilskot til trafikksikringsarrangement

Me viser til dykkar søknad av 03.01.2014.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) har i møte 03.03.2014 handsama søknaden og gjorde slikt vedtak:

Trafikksikringsdag – Austrheim kommune vert tildelt tilskot på 22.000 kr.

Det er ein føresetnad at det kjem fram at Hordaland fylkeskommune stør opp om tiltaket. FTU viser til at tilskot vert gjeve under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføre kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknaden og vedtaket. FTU ber om å få tilsendt ein rapport og eit rekneskap innan tre månader etter at arrangementet er avslutta. Sjå <http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Samferdsel/Tilskot-til-trafikantrretta-tiltak/> for skjema for rapportering.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar, vegseksjonen
e.f.

Lise Ådlandsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Rådmann Jan Olav Osen

Austrheim kommune

Sætre marka 2

5943 Austrheim

HIST. 09/986

AUSTRHEIM KOMMUNE	
- 5 MARS 2014	
Saksnr.: 14/407	Saksh.: Joo
J.nr.:	Arkiv: 640
Kopi:	

Lindås 26. februar 2014

Informasjon angående nedlegging av Austrheim Tannklinikk

Frå og med veke 12 vil Austrheim Tannklinikk være ute av drift, og dei tilsette flyttar til Lindås Tannklinikk der vidare drift held fram frå veke 13.

Pasientar i Austrheim kommune vil difor frå veke 13 bli kalla inn til Lindås Tannklinikk.

Dersom pasientar, av geografiske og/eller andre omsyn, ynskjer det, har dei mogelegheit til å bli kalt inn til Manger Tannklinikk.

Ved spørsmål, ta kontakt med Lindås Tannklinikk på tlf. 56 36 0 217.

Med venleg helsing

Tannklinikken Lindås
Lindås 5943
Hege Mørch Fosse

Hege Mørch Fosse

Klinikkleiar

Lindås Tannklinikkområde.

Kopi;

Kaland Barne-og Ungdomsskule

Års Skule

Austrheim Vidaregåande Skule og Austrheim Helsestasjon



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
28.02.2014
Dykkar dato
14.02.2014

Vår referanse
2014/2176 331.1
Dykkar referanse
14/245

Austrheim kommune,
Kommunehuset,
5943 Austrheim

AUSTRHEIM KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2014 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 4. desember 2013.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,6 prosent i 2013 til 11,4 prosent i 2014.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr. 92,6 mill. i skatt på eige og inntekt for 2014.

I 2013 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 5,7 %. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2013 til 2014 med 3,7 %.

Kommunen sitt skattenivå i 2013 var 118,9 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2014 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2014 tilsvarande 60 % av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 % av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 % av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, etter fråtrekk for inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til omlag kr. 160,5 mill.

Inntektsprognosen for 2014 er no oppdatert med endelege innbyggjartal pr. 01.01.2014 og innkomen skatt i 2013. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal pr. 01.01.2014. For innbyggjartilskot og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga er grunnlaget innbyggjartal pr. 01.07.2013.

Dei frie inntektene er budsjetterte vesentleg høgare enn den siste inntektsprognosen (med endelege innbyggjartal pr. 01.01.2014), som er på kr. 156,6 mill. Det er difor sannsynleg at dei frie inntektene er budsjettert for høgt. Kommunen bør vurdere skatteutviklinga nærare og gjennomføra budsjettrevisjon med sikte på eit realistisk inntektsnivå.

Det er i budsjettet inntektsført kompensasjonstilskot m.m. med om lag kr. 1,7 mill. Det er i hovudsak kompensasjonstilskot etter Handlingsplanen for eldre og rentekompensasjon for skulebygg.

Det er inntektsført utbytte med kr. 3,6 mill. frå BKK (0,43 prosent av samla utbytte, om lag kr. 800 mill.). Renteinntekter i budsjettet er i underkant av kr. 2,0 mill. og renteutgifter i overkant av kr. 4,6 mill.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med om lag kr. 12,2 mill. i eigedomsskatt for 2014.

Eigedomsskatten for 2014 er sju promille på verk og bruk. Budsjettert eigedomsskatt er på eit realistisk nivå i høve til innkomen skatt i 2013.

Løns- og prisauke

Prisindikatoren for kommunesektoren for 2014 er i vedteke statsbudsjett 3,1 %. Pårekna lønsvekst inngår i denne med 3 ½ prosent. Løn tel knapt 2/3 av prisindikatoren medan resten er pårekna prisvekst på varer og tenester.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 % av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr. 9,0 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Dei budsjetterte avdraga oppfyller det tilrådde minstenivået for ordinære avdrag. Kommunen har vedteke ei avdragstid på låneopptak for 2014 på 25 år.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Frå og med 2010 har det vore endring i korleis kommunane kan disponera momsrefusjon frå investeringar. Det har vore ein overgangsperiode frå 2010 og til og med 2013 med aukande grad av overføring av momskompensasjon til finansiering av investeringar. Frå budsjett- og rekneskapsåret 2014 skal heile kompensasjonen for meirverdiavgift av investeringar bli inntektsført direkte i investeringsrekneskapen.

Netto driftsoverskot i budsjettet er om lag kr. 1,2 mill. Det er planlagt nytta til netto avsetjing kr. 0,3 mill. og overføring til investeringar kr. 0,9 mill.

Det er tilrådd generelt at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setje av midlar til å møte ei mellom- ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Netto driftsoverskot vil i 2014 generelt bli svekka for kommunane som følgje av at momskompensasjon knytt til investeringar no blir inntektsført direkte i investeringsrekneskapen i staden for i driftsrekneskapen.

Netto driftsoverskot i budsjettet er lågare enn det som blir tilrådd kommunane. Kommunen hadde eit positivt netto driftsresultat i 2012 medan førebels rekneskap for 2013 berre ser ut til å gå i balanse. Det inneber at korkje årsrekneskapen for 2013 eller budsjett 2014 oppfyller den generelle tilrådinga om eit positivt netto driftsoverskot på minst 3 prosent av driftsinntektene.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2014 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr. 16.150.000,-, som i hovudsak er planlagt lånefinansierte. Dei største investeringane i år er rehabilitering og utbetring av kommunale bygg, bygging av nye omsorgsbustader og investeringar innan vatn og avlaup. Vedlikehald er å rekna som driftsutgifter og kan ikkje inngå som ein del av investeringane.

I tillegg kjem låneopptak til vidareutlån med kr. 2,0 mill. Eigenkapitalinnskott i KLP, kr. 300.000,-, inngår som ein del av investeringane. Det blir i samsvar med regelverket ikkje finansiert med lån.

I samband med rekneskapen for 2013 har spørsmålet om anleggsbidrag vore vurdert. Dersom kommunen gir bidrag til andre sine investeringar, er det eit tilskot - det vil seie driftsutgift for kommunen og ikkje investeringsutgift. For å kunne vere ei investeringsutgift for kommunen, må investeringa vere kommunen sin eigen eigedom.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2012 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til kr. 62.282,-. (kommunekassa - ikkje konsern). I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 76.862,-.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka vesentleg, og nivået må bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket utanom Bergen har eit gjeldsnivå som ligg høgare enn landsgjennomsnittet.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2013 er rekna til om lag kr. 227,6 mill., eller kr. 79.900,- pr. innbyggjar. Lånegjelda etter fråtrekk for formidlingslån (Startlån) er i underkant av kr. 200 mill.

Kommunen har høg gjeld. Gjeldsnivået er vesentleg høgare enn for gjennomsnittet av kommunane. Den høge gjelda gjer kommunen sårbar for ei svak inntektsutvikling og eit høgare rentenivå. Det er gjennomført mange store og viktige investeringar i kommunen. På bakgrunn av det høge gjeldsnivået, bør kommunen dempa investeringane og redusera gjeldsnivået.

Oppsummering

Det er sannsynleg at dei frie inntektene er budsjettert for høgt. Kommunen bør vurdere skatteutviklinga nærare og gjennomføra budsjettrevisjon med sikte på eit realistisk inntektsnivå i budsjettet.

Netto driftsoverskot i budsjettet er lågare enn det som blir tilrådd kommunane.

Kommunen har høg gjeld, også samanlikna med andre kommunar. Kommunen bør dempa investeringane og redusera gjeldsnivået i tida som kjem.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Gjenpart :

Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø
Regionrådet Nordhordland IKS, sekretariatsleiar, Postboks 13, 5902 Isdalstø

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
049/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ruth Karin Halvorsen		14/394

Delegerte saker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
033/14	Vedtekne skule- barnehageruter 2014-2015
034/14	Vedtak-Søknad - delingssak gbnr 142/101 - Sætremarka - areal til Torghuset
035/14	Vedtak-Gbnr.142/172 og Gbnr. 142/18 -Breidvik-Frådelingsøknad
036/14	Nødnettinnføring og opplæring av kommunalt legevaktpersonell i bruk av nødnett
038/14	Søknad - gbnr 158/27 - Lerøy - ferdigattest
041/14	Sak 14/409 Søknad om rammeløyve 2 tomannsbustader - mellombels bruksløyve

Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
050/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ruth Karin Halvorsen		14/394

Orienteringssak

Vedlegg:

Vedlegg til orienteringssak til formannskapet 19.03.14

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Austrheim kommune informerer



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014

14. mars

Demokratikonferanse for ungdom i Austrheim og Radøy

17. mars

«Kjelstraumen, ei kjelde til kunnskap om leia»

kl 19.00

Stad: Kjelstraumen Vertshus

v/ Arild Marøy Hansen, amanuensis ved Bergens Sjøfartsmuseum

Vi vil sjå nærare på dei historiske kjeldene til kunnskapen om Kjelstraumen, både skriftleg og materielt kjeldemateriale. Kjelstraumen er ukjend for mange, men representerer det vi kan kalle eit maritimt kultursentrum. Her skjedde mykje, som Noregs første kjende dykkeoperasjon og Noregs første undervass utsprenning. Her har vi òg ein skipskyrkjegard m.m. I tillegg var det gjestegjevarstad i Kjelstraumen og eit lokalt knutepunkt den gong då sjøen var vegen eller farleia. Eidsvollsmennene frå Bergen passerte til dømes her i 1814, likesom minnereisa vil gjere den 26. mars i år!

Sal av fiskesuppe, kaffi og heimebakst

Arr: Austrheim kommune i samarbeid med Kjelstraumen Vertshus og Austrheim Rotaryklubb

26. mars

Lærdalsferda – Ei historisk reise for eit sjølvstendig Noreg

kl 10:30

Vengebåten «Enigheden» ror gjennom Kilstraumen.

Følgjebåten legg til kai ved Kjelstraumen Vertshus.

Ordførar helsar velkommen og fortel om livet i straumen.

Bergen Kystlag fortel om ferda til Eidsvoll i 1814.

Utstilling «Sjøen er vår historie»

Born frå barnehagane og skulane er med og vinkar på brua!

Alle er velkomne!

ca kl. 12.00

Kjelstraumen Vertshus inviterer til **"Eidsvollsmennenes lunsjbuffet"**, inspirert av oppskrifter frå 1814, til jubileumspris kr. 200,- (bestill gjerne bord på forhand)

Arr: Austrheim kommune i samarbeid med Kjelstraumen Vertshus, Austrheim Kyst- og sogelag, Neptun Pensjonistklubb

Kulturdagane Austrheim 26. september – 5. oktober

Kulturdagane i Austrheim er eit stort dugnadsprosjekt der lag og organisasjonar i samarbeid med Frivilligsentralen, kommunen og næringslivet tek eit felles løft for å gje både innbyggjarar og andre ein flott kulturfestival.

I år vil vi markere Grunnlovsjubileet i kulturdagane, og det vert Festkveld 1814-2014 i Austrheimhallen fredag 3. oktober. Landbruksdagen laurdag 27. september er også ein del av festivalen.

Ei arbeidsgruppe er i gang med planlegging og koordinering av programmet, og vi ber om at de tek kontakt med servicekontoret om du/ditt lag vil ha med arrangement i Kulturdagane. Om nokon har lyst til å hjelpe til på ulike arrangement er de velkomne til ein innsats i Kulturdagane Austrheim.



GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014

Kulturpris 2014 – kom med forslag

Det er mange i bygda som fortener ein pris for godt arbeid, men Kulturprisen vert berre delt ut anna kvart år, og kandidatar til denne prisen må på eit eller anna vis ha gjort noko som set spor etter seg i kulturlivet i Austrheim.

«Kulturprisen er meint å vere ei takk og ei oppmuntring til einskildpersonar, grupper eller lag som gjer/har gjort ein verdifull innsats i lokalmiljøet vårt, anten innanfor arbeid i frivillige lag og organisasjonar, spesielle aktivitetar/oppgåver o.a.»

Det er formannskapet som tek stilling til kven som får Kulturprisen, men alle er oppfordra til å kome med forslag. Send forslag til kommunen innan frist 11. august.

Austrheim kommune
Tlf. 56162000
e-post: post@austrheim.kommune.no



Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Gbnr - 131/56	14/332

Delingsak-gbnr131/56- Leirvåg-Deling av bustadtomt

Framlegg til vedtak:


Formannskapet gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon frå plankrav til frådelling på bustadtomt for oppføring av by bustad på eigedom gnr. 131, bnr. 56. -Vilkåret er at begge tomtane her må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VA (vatn og avlaup) når dette vert bygd ut for felt B36. Vilkåret er at frådelt tomt får privatrettsleg skriftleg avtale med naboeigedom gnr. 131, bnr. 4 når det gjeld utsleppet frå avlaupet og at nytt felles borehol og minireinseanlegg skal nyttast her for begge tomtane. Grunngeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1. Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

Saksopplysninger:

Eigar søkjer om frådelling på eigedom gnr. 131, bnr. 56 som er på om lag 1629 m² for å få på plass ein ny bustadtomt her på om lag 800 m². Søkjar si omsøkt delingsgrense er vist på kart, men og kor det nye huset er tenkt plassert er vist her. Søkjar ynskjer felles avkøyring frå kommunal veg til både ny og eksisterande bustadtomt. Omsøkt tomt er i kommunedelplanen avsett til framtidig bustadområde (felt B36), tiltaket er såleis i tråd med arealformålet kartmessig, men i føresegnene til planen står det her at frådelling til byggjeformål ikkje kan finna stad før heile området er regulert.

Delingssøknad er ikkje tråd med kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Mongstad og Fønnes, som vart vedteke i kommunestyret den 30.06. 2010 med planid. 2008003. Saka er difor ein dispensasjonssak. Søknaden er registrert hjå kommunen den 25.02.2014. Søknaden er nabovarsla og nabo har samtykt til delinga som omsøkt. Sakshandsamar har vert på synfaring i området og diskutert løysingar med søkjar når det gjeld deling, avkøyring, veg, vatn og avlaup. Søkjar har borehol til eksisterande hus som han ynskjer at ny frådelt tomt kan nytte. Søkjar er informert om at eit eventuelt avlaupsløyve vil ha krav om at det vert minireinseanlegg med utslepp til terreng omkring. Dette må avtalast skriftleg med eigar av naboeigedom før oppmålingsforretning kan skje på denne tomten.

Kart under av kommunedelplanen i området, omsøkt tomt er i felt B36 ved bilveg til Leirvåg:



Vurdering:

Vurdering etter naturmangfaldslova:

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no. Austrheim kommune finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Vurdering etter plan- og bygningslova:

Ved handsaming av dispensasjonssøknaden skal det vurderast om dei omsyna som ligg bak lova blir vesentleg tilsidesett. Det er omsynet til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og tilgjenge for allmenta som er vurderingstema. Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsløyve blir klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser.

I slike saker skal føremonene ved å gi dispensasjon etter samla vurdering vera klart større enn ulempene. Rådmannen meiner at føremonene ved å gi dispensasjon i denne saka er at bustadbygging på denne tomte vil rydda og kultivera eit tomteareal som i dag er i ferd med å gro igjen. Samstundes vil det vera positivt for søkjar å kunne få ein nabo på denne noko isolerte bustadtomten. Rådmannen meiner at deling og bygging av ein ny bustad vil gjeva ei betre utnytting

av eksisterande infrastruktur på denne tomten, og at nybygging på omsøkt tomt er ein naturleg utvikling i dette området. Rådmannen ser at omsøkt frådelling av areal som vist i søknad ikkje er i samsvar med godkjent kommunedelplan som vart vedteke i kommunestyret den 30.06. 2010. Det at nabo har samtykt til delinga er positivt. Rådmannen meiner og at bygging av nytt hus her vil kanskje og utløysa positivt motivasjon på grunneigarar omkring med å få i gang detaljregulering av området, då dei ser at bygging av hus i dette området er interessant. Rådmannen meiner difor at kommunen her bør gjeva dispensasjon frå føresegnene til planen når det gjeld at frådelling til byggjeformål ikkje kan finna stad før heile området er regulert.

§ 26-1. Opprettelse og endring av eiendom

«Opprettelse av ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller nytt jordsameie, eller opprettelse av ny festegrund for bortfeste som kan gjelde i mer enn 10 år, jf. lov om egedomsregistrering, eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan. Opprettelse eller endring som nevnt i første punktum, må heller ikke gjøres slik at det dannes tomter som er uegnet til bebyggelse på grunn av sin størrelse, form eller plassering etter reglene i denne lov.»

Rådmannen meiner at ein deling som omsøkt ikkje vil koma i konflikt med omkringliggjande hus, eller vera i strid med §26-1 «opprettelse og endring av eiendom». Dette er eit moment som talar for at kommunen kan gje dispensasjon. Ei fortetting her vil på sikt kunne gje ei god arealutnytting her. Ålmenta sin bruk av området omkring vil ikkje vert forringa då dette området er avsett til framtidig bustadområde. Dette talar for å gje dispensasjon. Det må og vurderast kva presedensverknader eit eventuelt positivt vedtak kan få. Saka det her er tale om har ein viss overføringsverdi til andre saker, noko som kan tale for at ein ikkje bør gje dispensasjon. Dette spesielt då ein som prinsipp skal vere restriktiv med å gje dispensasjonar frå plankrav før utbygging kan skje. Det at søkjar å få naboar her talar for at det bør gjevast dispensasjon her. Rådmannen meiner det er viktig å stimulera til at fleire familiar kan få etablara seg i eit framtidig bustadmiljø, der det er kort veg til skule, barnehage, busstopp og butikk m.m. Vegtilkomsten er tilfredsstillande til omsøkt tomt. Vatn og avlaup kan løysast gjennom privatrettslege avtalar med søkjar og nabo.

Rådmannen vil peika på at det er ideelt sett i slike saker vanlegvis bør utarbeidas ein reguleringsplan for området for å få til gode fellesløysningar før slike frådelingar som omsøkt kan skje. Ein reguleringsplan er alltid den beste løysinga for å få ei heilskapleg løysing. Rådmannen vil uansett peika på at tiltaket her isolert sett er i tråd med kommunedeleplanen og at kostnadene med utarbeiding av reguleringsplan for denne eine omsøkte tomten på B36 vil vere uforholdsmessige. Utfordringar knytt til VA kan løysast betre på sikt gjennom planlagde kommunaltekniske anlegg i området, det er grunnlag for å gje dispensasjon til frådelling. Rådmannen meiner at denne omsøkte tomten vil få ein god landskapstilpassing. Koteplassing og løysningar for veg, vatn og avlaup kan på omsøkt stad lett løysast i byggesaka. Rådmannen meiner at det difor ikkje er grunnlag for å krevje vidare regulering for berre denne eine omsøkte tomte. Det er difor naturleg at det vert gjeve løyve på vilkår i denne saka. Med klare vilkår kan kommunen få på plass viktige krav for at denne bustaden her ikkje vil øydeleggja for ein god framtidig utvikling i området. Med klare vilkår meiner rådmannen at søkjar vil kunne ta ein del av dei omsyna som ein elles her ville måtte sikra gjennom ein reguleringsplan.

Rådmannen meiner såleis at omsøkt frådelling på gnr. 131, bnr. 56 er fornuftig, tomten er stor nok til ein ny bustad kan førast opp her. Rådmannen vil peike på at utfordringar knytt til avlaup kan løysast gjennom å krevja minireinseanlegg for begge tomtane. I dag er det eit gamalt utslepp frå eksisterande

bustadhus som kan verta betre miljømessig med eit felles minireinseanlegg. Vatn til frådelt tomt kan løysast gjennom eksisterande felles borehol.

Rådmannen er difor positiv til omsøkt frådeling på gnr. 131, bnr. 56 og meiner at Austrheim kommune bør gjeva løyve til dette på vilkår. Vilkåret er at utsleppsløyvet vert avtalt privatrettsleg i forhold til naboeigedom. Vilkåret er at om det seinare vert etablert kommunalteknisk infrastruktur i området på VVA-området så må gnr. 131, bnr. 56 og ny frådelt eigedom kobla seg på dette på vanleg måte og ta del i kostnaden med dette. utfordringar knytt til VVA kan såleis på sikt løysast gjennom planlagde kommunal tekniske anlegg som skal byggjast ut her. Rådmannen meiner at føremonene ved å gi dispensasjon etter samla vurdering vera klart større enn ulempene her og rår til at dispensasjon vert gjeve på vilkår som omsøkt til deling og bygging av hus her.

Konklusjon

Formannskapet gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon frå plankrav til frådeling på bustadtomt for oppføring av by bustad på eigedom gnr. 131, bnr. 56. Vilkåret er at begge tomtane her må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VA (vatn og avlaup) når dette vert bygd ut for felt B36. Vilkåret er at frådelt tomt får privatrettsleg avtale med naboeigedom gnr. 131, bnr. 4 når det gjeld utsleppet frå avlaupet og at nytt felles borehol og minireinseanlegg skal nyttast her for begge tomtane.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
052/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Gbnr - 164/7, TI - &01	14/323

Gbnr 164/7- Austrheim kommune si finansiering til opparbeiding av parkeringsplass på Krossøy-Vedtak

Vedlegg:

Tilbud uttak av steinmasse for ny fellesveg til Jan Krossøy m fleire (L)(1297)

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune løyver kr. 187.000 i tilskot til arbeidet med opparbeiding av parkeringsplassen på Krossøy. Kostnaden vert teke frå disposisjonsfondet.

Saksopplysninger:

Austrheim kommune har no fått på plass ein bruksrett til ein parkeringsplass for ålmenta på Krossøy. Denne avtalen heiter: «**Erklæring om rett i fast eigedom**». Denne avtalen skal tinglysast som ein varig bruksrett til ein parkeringsplass for minst 15 personbilar. Formannskapet i Austrheim vedtok denne avtalen i møte den 05.03.2014.

Austrheim kommune skal etter denne no vedtekne avtalen opparbeida og ha ansvar for drift og vedlikehald av parkeringsplassen. Parkeringsplassen skal og skiltast for å regulera bruken av denne. Austrheim kommune kan etablere ein rasteplass her etter at parkeringsplassen er ferdig opparbeidd. Massane frå opparbeiding av parkeringsplassen kan nyttast av grunneigarane på Krossøy til opparbeiding av ny tilkomstveg som ålmenta har gangrett på til turområdet på Krossøy. Desse avtalepunktane er med i «Erklæring om rett i fast eigedom» under punkt 4, «Skildring av kva retten går ut på.»

Odd Haugen i verksemda Odd Haugen Maskinstasjon AS har i skriv med tittel «*Tilbud utak av steinmasse for ny fellesvei til Jan Krossøy / med fleire*», datert 25.02.2014 levert ein pris for dette arbeidet. Det var grunneigarane på Krossøy som har bedd om dette pristilbodet for opparbeiding av parkeringsplassen, då massane frå parkeringsplassen skal brukast i ny fellesveg. Odd Haugen har

gjewe eit pristilbod til grunneigarane på kr. 186.875 der arbeidet omfattar dette:

Avgraving, boring, sprenging, planering og opprydding samt grusing av parkeringsplass på Krossøy. Det er grunneigarar på Krossøy som er byggherre her og som skal søkja om dette byggjetiltaket i samband med ny tilkomstveg på Krossøy.

Vurdering:

Rådmannen synes at avtalen «***Erklæring om rett i fast eigedom***» med grunneigarane på Krossøy er balansert og god for alle partar. Gjennom denne avtalen som no er inngått får grunneigarane her ein parkeringsplass og ein ny og trygg tilkomstveg som og ålmenta har gangrett til turområdet på. Rådmannen vil peike på at avtalen «Erklæring om rett i fast eigedom» som gjer Austrheim kommune rett til opparbeiding av ein parkeringsplass for minst 15 personbilar er forhandla fram i god dialog med alle partane i området. Denne parkeringsplassen skal tinglysast som ein varig bruksrett for Austrheim kommune og ålmenta. Rådmannen synes det er naturleg no å gjeva eit tilskot på kr. 187.000 til grunneigarane på Krossøy slik at arbeidet med bygging av parkeringsplassen kan gjerast i samband med ny tilkomstveg. Då kan massar køyrast direkte til ny tilkomstveg og brukast der. Rådmannen vil peika på at tilskotet vert betalt ut når parkeringsplassen er vorte godkjent av Austrheim kommune på vanleg måte. Det er grunneigarane på Krossøy som søkjer om å byggja ny tilkomstveg og parkeringsplassen på Krossøy og som er byggherre her. Grunneigarane eig grunnen til parkeringsplassen som før. Rådmannen rår til at tilskotet til arbeidet på kr. 187.000 vert teke frå disposisjonsfondet.

Konklusjon

Austrheim kommune løyver kr. 187.000 i tilskot til grunneigarar på Krossøy med arbeidet med opparbeiding av parkeringsplassen på Krossøy. Tilskotet vert betalt ut når parkeringsplassen er vorte godkjent på vanleg måte av Austrheim kommune. Kostnaden vert teke frå disposisjonsfondet.

Austrheim 2014 -02 -25

25 FEB. 2014	
Saksnr.: 14/323	Saksh.:
J.nr.:	Arkiv:
Kopi:	

Austrheim Kommune
V/ Asbjørn Toft
Kommunehuset
5943 Austrheim

Odd Haugen Maskinstasjon AS
Trollåsen
5943 Austrheim

Org.nr. 953498685

Mobil. 90 84 82 98

Tilbud utak av steinmasse for ny fellesvei til Jan Krossøy / med fleire.

Arbeidet omfattar : Avgraving, boring, sprenging, planering
og opprydding samt grusing plass for oppstilling for bobiler.

Arbeidet kan utførast for

kr	149 500,00
M.v.a.	37 375,00
Sum	186 875,00

Hilsen

Odd Haugen

Haugen Odd Maskinstasjon AS
5943 Austrheim
Tlf.: 90 84 82 98 Fax: 56 16 99 50
Foretaksreg.: NO 953498685 MVA

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
053/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Frode Hervik	FE - 223	14/210

Tilskot til drift av havsporthus

Framlegg til vedtak:

Det vert løyvd inntil 75.000 i driftsstøtte til havsporthus. Pengane skal tildelast Seaway Oceansport Club, Nordhordland Padleklubb og Austrheim Ungdomsklubb. Pengane vert løyvd frå rammeområde 801 – Tilleggsøyvingar formannskapet. Dersom fleire aktørar går inn i samarbeidet om eit havsporthus, vert driftskostnadane fordelt på fleire. Tilskotet til Seaway Oceansport Club, Nordhordland Padleklubb og Austrheim Ungdomsklubb vil då verte redusert.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Austrheim kommune har fått inn ein søknad frå Seaway Oceansport Club, Nordhordland Padleklubb og Austrheim Ungdomsklubb om støtte til å dekke leige- og strømkostnader til havsporthuset. Kostander er på 25.000 per klubb. Dei totale driftskostnadane er budsjettert til 110.000. Av desse vil då Havsportlauget dekke 25.000 og vidareleige er budsjettert med inntekter på 10.000.

Havsportlauget vil stå som leigetakar i staden for Seaway, som det står i søknaden. Dette er etter ynskje frå huseigar. I søknaden vert det også operert med eit alternativ der Austrheim kommune i staden for å gi tilskot til havsportaktørar tek over som leigetakar av lokala.

Bakgrunnen for initiativet og søknaden er at Oceanordic som i dag leiger lokale til sitt havsportsenter ikkje lenger har bruk for desse lokala til butikk og representasjon. Når det gjeld det sistnemnde har dei no samarbeidsavtale med Kilstraumen. Oceanordic sine behov er knytt til lagring av utstyr, og etter drøftingar med Seaway Oceansport Club, Nordhordland Padleklubb, Austrheim Ungdomsklubb og Havsportlauget er dei kome fram til at dei ynskjer å etablere eit havsporthus som samlar aktørane som driv med havsport. Oceanordic får då framleis lagre utstyret sitt i lokala mot at dei aktørane som går inn i samarbeidet får nytte utstyret deira. Samstundes får dei andre aktørane høve til å lagre sitt

utstyr.

Vurdering

Ei oppretting av eit havsporthus som samlar havsportaktørar og ungdomsklubben vil vere svært positivt med tanke på vidareutvikling av Austrheim som ein havsportkommune. Tiltaket vil etter alt å døme generere meir aktivitet og betre ressursutnytting på utstyrssida.

For Austrheim ungdomsklubb vil dette vere svært positivt, fordi kaihuset på Mastrevik kai, der dei lagrar havsportsutstyr, skal rivast og erstattast av eit grindverksbygg. Ein er dermed nøydd til å finne ei ny løysing til erstatning for dette. Eit havsporthus vil vere ei god løysing, fordi ein då samstundes løyser behov for toalett og omkleddingsrom knytt til ungdomsklubben sine aktivitetar på sjøen.

Seaway Oceansport Club er ein nystarta havsportklubb (stifta 15.08.2013) som tek sikte på å drive med aktivitetar som brettsegling, segling og kiting. Sidan klubben er nystarta, har dei lite økonomiske ressursar. Ein stønad til leigekostanane deira i eit nytt havsporthus vil såleis vere eit aktivitetstilskot. Nordhordland padleklubb har i dag eit tyngdepunkt lenger sør i regionen, og ved å gi dei eit tilskot, vil dei få ein sterkare forankring i Austrheim og meir aktivitet her. Dette vil vere positivt. Havsportlauget er primært knytt til havsportveka, og mottek allereie kommunalt tilskot. Derfor er det ikkje søkt om tilskot til dei.

Sjølv om Oceanordic ikkje lenger vil nytte lokala i Mastrevikane til anna enn lagring av utstyr, vil dei framleis ha ein betydeleg forankring i Austrheim gjennom kontorplass i Nordhordland Næringshage og eventverksemd med havsportaktivitetar, inkludert samarbeid med Kilstraumen.

Administrasjonen har hatt dialog med Austrheim vgs med tanke på om dei også bør inngå i eit slikt samarbeid om eit havsporthus. I dag har dei noko utstyr som det vert leigd lagring til i Mastrevikane. Dei vil då i likskap med dei andre få tilgang til utstyr. Havsportaktørane er positive til å ta med Austrheim vgs. For skulen er dette ei vurdering dei må ta, og noko som heng saman med spørsmålet om gjenoppretting av Kystfriluftsliv-faget. Dersom Austrheim vgs går med i samarbeidet, vil kostnadene verte redusert for partane. Tilsvarande gjeld også dersom dei to grunnskulane går med, noko som vil verte vurdert. Dessutan vil det verte retta ein førespurnad til Nordhordland turlag om deltaking i samarbeidet.

Bruksendringa frå Oceanordic sitt havsportsenter til eit havsporthus for idrettsklubbar og ungdomsklubben, samt eventuelt andre lag- og organisasjonar og skular, er sjekka ut med planavdelinga. Dei konkluderer med at bruksendringa ikkje treng reguleringsendring eller dispensasjonssøknad sidan det framleis vil vere ei viss næringsverksemd knytt til lokala ved at Oceanordic lagrar utstyret sitt der.

I utviklingsprogrammet Austrheim Heile Livet og Strategisk næringsplan med fokus på reiseliv og havsport er det ei målsetting at Austrheim skal verte nasjonal kjend som senter for havsport, og der heilårsaktivitet innan havsportopplevingar er eit resultatmål. Tiltaket samsvarar med desse måla.

Det vert ikkje vurdert som hensiktsmessig at kommunen tek over leigeforholdet. For det fyrste vil kommunen då verte ansvarleg for lokala, noko som vil medføre at personalressursar må nyttast meir aktivt. For det andre har huseigar eit ynskje om at leigeforholdet fortset som før, men er positiv til

dei nye planane for bruken av lokala.

I eit folkehelseperspektiv er tiltaket positivt. Eit havsporthus vil generere meir fysisk aktivitet på sjøen. Tiltaket har ingen negative konsekvensar for miljø. Tiltaket inneber ei løyving på inntil 75.000 som vert foreslått teke frå posten Tilleggsløyvingar Formannskapet. På denne posten står det i budsjett for 2014 200.000. Av totalsummen til rådvelde er det ei betydeleg løyving som vert foreslått. Rådmannen meiner likevel at dette kan forsvarast, fordi dei positive verknadane av tiltaket er mange når det gjeld auka aktivitet og betre fasilitetar for havsportaktørane og ungdomsklubben. Ny lagringsplass for ungdomsklubben sitt havsportutstyr vil uansett generere utgifter. Det er dessutan heller ikkje sikkert at summen vert så stor som 75.000, fordi utgiftene vil gå ned dersom fleire aktørar som t.d. Austrheim vgs går inn i samarbeidet.

Konklusjon

Konklusjonen er såleis at tiltaket vert vurdert som utelukkande positivt andsynes Austrheim kommune sine målsettingar. Eit havsporthus vil vere ein god tilvekst, og vil løyse nokre utfordringar for Austrheim ungdomsklubb som kommunen sjølv driv. Det bør derfor verte gitt tilskot til dette tiltaket.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
054/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - L12	14/316

Vedtak - Planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.». Oppstart av planarbeid

Vedlegg:

Utbyggingsplan for Årås skuleområde og Austrheim idrettspark (L)(22724)
Saksframlegg med kart

Framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vedtek Austrheim kommune igangsetting av planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006. Anleggsplanen for dette området utarbeida av Asplan Viak AS 2013 er styrande for planarbeidet og er også planområdet for denne planendringa. Formålet er å leggja til rette for ei god utvikling av området omkring Årås skule og Austrheim Idrettspark som er i tråd med anleggsplanen.

Saksopplysninger:

Austrheim kommune gav i 2013 planleggingsfirmaet Asplan Viak AS oppdraget med å laga ein detaljert anleggsplan for uteområdet omkring Årås skule og Austrheim Idrettspark. Dette planleggingsarbeidet vart gjort ferdig hausten i 2013. Arbeidet skulle vera så detaljert at kommunen mellom anna kunne søkja tippemidlar for å gjennomføra tiltak som var med i denne planen. Det skulle og vera mogeleg å gjennomføra anleggsarbeid etter denne anleggsplanen. Formannskapet tok denne anleggsplanen til orientering i 2013 . Kommunen ynskjer no å gjennomføra ein planendring på dette arealet som er i samsvar med anleggsplanen som planleggingsfirmaet Asplan Viak AS lagde her. Det er «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» som vart godkjent den 14.10.2008 som gjeld her i dag. Det er Austrheim kommune som er grunneigar i dette planområdet. Anleggsplanen som AsplanViak AS lagde vert planområde for dette planarbeidet. Planområdet grensar til Furuly som er ein bustadstifting for eldre. Det er og eit større LNF-område som grensar til planområdet i nord og i aust. Flyfoto som er vedlagt viser planområdet med parkering, veg og skule-

og idrettsområde på Årås.

Austrheim kommune ser at det er naudsynt å gjennomføra ein reguleringsendring på eigedommane som kommunen eig her og på den kommunale vegen her slik at bruken av desse areala framover vert i tråd med anleggsplanen som nyleg er ferdig. I dag er deler av dette arealet regulert til grønststruktur der det no er planlagt ein parkeringsplass. Reguleringsføresegnene i utbyggingsplanen og plankartet godkjent i 2008 styrer såleis bruken av desse areala i dag. Arealet som skal regulerast om er på om lag 80 dekar. Det er særleg viktig å få på plass ein planendring for å trygga dei mjuke trafikantane i området og for å få ein god trafikkløysing for skulebussane, tilsette og foreldre.

Reguleringsplankartet som er vedlagt i saka er henta ut frå Braplan og viser heile planområdet til utbyggingsplanen. Det Austrheim kommune som skal gjennomføra planendringa. Kommunen har som mål at å få på plass ei god utvikling av dette uteområdet. For å få dette på plass må både reguleringsplankartet og føresegner endrast formelt gjennom ei planendring. Dei som er partar i området vil verta varsla på vanleg måte gjennom plan- og bygningslova sitt lovverk. Offentlege etatar som skal ha planendringar til uttale vert og varsla og kan koma med innspel til forslag på reguleringsendringa.

Planområdet for planendringa er i samsvar med anleggsplanen til Asplan Viak AS som var ferdig hausten 2013:

Reguleringsplankart for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark» er frå 2008:

Plankart og Reguleringsføresegner til «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark» under § 2 gjer at det er naudsynt med planendring her no:

§ 2 Fellesføresegner.

«Anlegg og bygningar skal plasserast slik det går fram av planen.»

Oversiktskart over eigedommane i planområdet ved Årås skule og Austrheim Idrettspark er vedlagt.

Vurdering:

Rådmannen synes det er fornuftig no å få på plass ei reguleringsendring i omsøkt område der «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark» godkjent i formannskapet 2008 gjeld. Rådmannen ser at ei planendringa er viktig for å få på plass ein arealbruk her som er formålsteneleg for ei god utvikling av dette viktige området som mange unge og eldre brukar dagleg i Austrheim kommune.

Planendringa må ha formell oppstart på vanleg måte. Det må lagast nytt arealformålskart og nye føresegner til reguleringsplanen som må tilpassast dei kommunale eigedommane her og bruken av området. Det er særleg viktig for kunne løysa dei trafikale utfordringane i området. Det er anleggsplanen til Asplan Viak AS som var ferdig hausten 2013 som vert lagt til grunn for planendringa og som er planområdet i denne saka.

Rådmannen synes eigedommane som kommunen eig her på gnr. 142, bnr. 169 og 125 og gnr. 141. bnr. 17 og 18 og den kommunale vegen inn frå fylkesvegen er ei god avgrensing på planområdet for planendringa. Rådmannen har vurdert at planendringa som no skal utarbeidast ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter gjeldande forskrift.

Rådmannen rår til at planarbeidet startar opp med å få på plass ei planendring av uteområdet omkring Årås skule og Austrheim Idrettspark.

Konklusjon:


I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslar Austrheim kommune om igangsetting av planendring for uteområdet omkring Årås skule og Austrheim Idrettspark. Formålet er å leggja til rette for ei god utvikling av dette viktige skule- og idrettsområdet i Austrheim kommune.

UTBYGGINGSPLAN

ÅRÅS SKULEOMRÅDE

OG

AUSTRHEIM IDRETTSPARK



INNLEIING.

Austrheim idrettslag har i samarbeid med kommunen utarbeida plan for bygging av ny idrettsbane ved Årås skule.

Bana ligg innafør kommunalt område som er regulert til og delvis utbygt og teke i bruk til skule og idrettsføremål. Attverande udisponert areal innafør området er ca 27 da. I samband med at deler av dette arealet no skal nyttast til ny idrettsbane, er det nødvendig med ei samla planavklaring for heile skule og -idrettsområdet. Krav om samla utbyggingsplan ligg og i reguleringsplanen.

PLANOMRÅDET.

Planområdet si avgrensing er vist på planen og omfattar

Gnr/bnr	I bruk til	Ca da
141/18	Idrettshall	54,1
141/17	Skuleområdet	15,3
Del av 142/125	Rundkjøring ved hovudtilkomst	5,5
	Sum areal	74,9 da

Planframlegget er utarbeida av kommunen i samarbeid med Ing Atle D: Utkilen. Planen tek utgangspunkt i eksisterande utbyggingssituasjon i området og framlegget til ny idrettsbane frå arbeidsgruppe, med representantar frå Austrheim idrettslag, Austrheim kommune, og Årås skule. (Rapport ligg ved)

I arbeid med planen har det vore lagt hovudvekt på å finne og få til løysingar på følgjande problemstillingar og utfordringar knyta til planområdet.

- Arealbruk, - fordeling av areal mellom ulike tiltak og aktivitetar innafør området
- Trafikktryggleik.
- Grunnlag for sambruk av areal og samarbeid mellom aktørane innafør planområdet.
- Gjennomgåande gangveg Leikvoll – Årås skule – Mastrevik torg.

AREAL FOR ULIKE BRUKARAR..

Årås skule..

Arealet som skulen i dag nyttar til bygg, utebruk og leik vert i utgangspunktet uendra, men får klarare grenser. Mot sør grenser det til planlagt veg/parkeringsplass langs idrettsbana. Mot aust (idrettshallen) følgjer grensa ny tilkomstveg. Her vert del av eksisterande løpebane omgjort til anna aktivitetsareal (A1), dette vert liggjande inn til arealet som skulen nyttar i dag og kan nyttast av skulen utan at elevar treng krysse interne kjørevegar.

Parkeringsplassen for tilsette ved Årås skule ligg som i dag, men er plassen stramma opp og utvida til ca 50 plassar. Ca 10 meir enn oppgitt behov frå skulen.

Framlegg til planløysing har vore drøfta med avdelingsleiar ved Årås skule. Tilbakemelding er at løysinga er tilfredsstillande og at avsett areal og vil dekke skulen sitt arealbehov til eventuelle framtidige utvidingar.

Løysingane med trafikk til og frå skulen for lærarar, skulebussar og privat kjøring av born, vert uendra.

Austrheimhallen og anlegg som vart bygt samstundes med denne.

For desse fører planframlegget til følgjande endringar:

Idrettshall med parkeringsareal og tilkomst - ingen endring.

Treningsbane grus. Hallen er godkjent med treningsbane på 40x60 m. Grusa flate er i dag større ca 63x65 utanom løpebana, Det er ingen fast oppmerking på bana. Den grusa flata vert i planframlegget redusert til ca 63x60 m fordi den nye tilkomstvegen tek ein del av sør-vestre hjørnet på bana.

Løpebane 110 m. går ut fordi den nye tilkomstvegen deler denne løpebana i to. Attverande areal av bana vert lagt ut til nytt aktivitetsområde. Arealet ligg slik til at det kan nyttast både av Årås skule, idrettslaget eller til andre nærmiljøtiltak.

Dei følgjende planframlegget har for treningsbana og løpebana har vore drøfta med styret i idrettslaget som så langt ikkje har innvendingar. Funksjonane ein eventuelt misser ved denne vegføringa vert fullt ut erstatta med den nye idrettsbana.

Ny idrettsbane.

Bane med fotballbane, 6 løpebaner, løpebane for 110 m hekk, og tribuner vert bygt ut til full framtidig storleik. I tillegg er det innafor området avsett plass for speakerbu, klubbhus og areal til eventuelle andre tiltak som sandvolleybane, tennisbane. For nærare utgreiing vert det vist til Austrheim Idrettspark forprosjekt som ligg ved saka.

TRAFIKKTRYGGELEIK.

Kjøreftrafikk til den nye bana følgjer eksisterande veg forbi idrettshallen. Elevane kryssar denne vegen ved bruk av hallen på same måte som dei gjer i dag.

Frå idrettslaget er det lagt opp til at det berre vert kjøring til bana for folk som har gjeremål enten i samband med drift av, eller aktivitet på bana. Alle aktive skal etter førestnadene parkere ved idrettshallen. Trafikkauken vert dermed minimal.

For å gjere området så trafikktrygt som mogeleg er det likevel sett sett krav om at det vert gjennomført særlege tiltak for å få ned farten på all kjøring inne på området, enten ved bom som hindrar uønska trafikk, eller skilting kombinert med fartsdumpar. Pluss at kjørevegen fram til bana vert avgrensa og tydeleg definert.

Vegsystem og organisering av kjøring til og frå, skulen, Furuly og idrettshallen vert i prinsippet som dag, men i planen er det sett krav om tydelegare avgrensningar mellom kjørevegar, parkering og gangareal.

SAMBRUK.

Det er eit mål at aktivitetsareal og anna uteareal i størst mogeleg grad skal kunne nyttast til sambruk eller vekslebruk av aktørane innafor området. Planframlegget sin funksjon i denne samanhengen er å definere ulike areal og avgjere kva føremål dei ulike areala kan nyttast til. Disposisjonsrett og bruksrettar til dei ulike områda pluss opplegg for eventuell felles bruk, må brukarane ordne gjennom interne avtalar.

HOVUDGANGVEG GJENNOM OMRÅDET.

For bygdene Leikvoll og Solen, vil kortaste gangavstand til skule og vidare til senteret vere gangveg som kjem inn sør i området går gjennom skuleområdet og vidare langs skulvegen til Mastrevik Torg. Vegen er ikkje fastlagt frå Leikvoll. For område avsett til idrettsbana er det sett krav om at gangvegen skal medtakast i detaljplan. Frå ny idrettsbane og gjennom skuleområdet er gangvegen vist på planen.

FØRESEGNER.

§ 1 Genrett.

1.1 Planområdet er avgrensa med stipla line på plankart i målestokk 1:1000. datert 10.7.08.

Areala i planområdet skal nyttast til:

Byggjeområde for

Skule

Idrettsanlegg.

- idrettshall
- idrettsbane
- aktivitetsområde for skule og idrett.

Trafikkområde

Fellesområde

§ 2 Fellesføresegner.

Anlegg og bygningar skal plasserast slik det går fram av planen.

Ubebyggt areal.

Alt ubebyggt areal innafor området skal tilstellast og vedlikehaldast slik at dei er med på å gje heile området ein tiltalende utsjånad.

Ved større arrangement skal opparbeidde uteplassar som har tilkomst og dekke som tåler trafikk kunne nyttast til parkering. Parkeringa skal vere styrt og tryggleiken skal ivaretakast.

§ 3 Område for offentlege bygg.

Området skal nyttast til skulebygg med tilhøyrande uteområde.

Utnyttingsgrad / bebygd areal innafor området, kan aukast innafor følgjande rammer:

- Nye bygningar/utviding av eksisterande bygg skal tilpassast eksisterande bygg i stil form og bygningshøgde.
- I samband med ny utbygging skal det dokumenterast at attverande uteareal er av tilfredsstillande storleik og kvalitet i høve til skulen sitt behov.

Parkeringsområde P1, tilhøyrer Årås skule.

§ 5 Idrettsanlegg.

Området S1 skal nyttast til idrettsbane (fotball/løpebane) med tribune og tilhøyrande anlegg.

I tillegg kan det anleggjast baner for andre aktivitetar med tilsvarande eller lågare støynivå.

Baner på området kan gjerdast inne.

Gjennom området skal anleggjast gangveg slik det går fram av planen.

Parkeringsområde P2 tilhøyrer idrettsbana.

§ 6 Treningsbane.

Område S2 skal nyttast til treningsbane.

Bana kan inngjerdast..

§ 7 Idrettshall.

Området S4, skal nyttast til idrettshall og parkering for hallen .

§ 8 Aktivitetsområde

Område A1 og A2, I områda kan monterast mindre anlegg og apparat som kan nyttast til ulike sports – leike- og rekreasjonsaktivitetar.

Tryggleiken rundt etablering og drift skal ivaretakast og vere dokumentert før anlegg vert montert

§ 9 Offentleg trafikkområde.

Tilkomstveg til området og stoppe-/snuområde for skulebuss, er regulert som offentlig veg. Offentleg gangveg. Eksisterande internveg gjennom skuleområdet er omregulert til offentlig gangveg.

Gangvegen skal stengjast for gjennomkjøring, men veere open for nyttetraffikk til skulen.

§ 10 Fellesområde.

Fellesveg FV 1 (*veg til idrettsbana*) er felles for alle brukarane innafør området.

Fellesveg FV 2(*til skulen og Furuly*) er felles for Årås skule og oppsittarar som er tilknyta denne vegen.

Eigarar av fellesvegar skal kunne stengje vegen med bom for uønska kjøring.

Alle fellesvegar skal vere opne for offentlig gangtraffikk.

Austrheim 11.7.08

Plansjef.



Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	
Sakshandsamar:	Plan, bygg, oppmåling og miljø	Asbjørn Nagell Toft
Arkivsaknr.:	14/316	Klassering:

Vedtak - Planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.». Oppstart av planarbeid

Vedlegg: Reguleringsføresegner

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vedtek Austrheim kommune igangsetting av planendring for «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» med planid. 2008006.

Anleggsplanen for dette området utarbeida av Asplan Viak AS 2013 er styrande for planarbeidet og er også planområdet for denne planendringa. Formålet er å leggja til rette for ei god utvikling av området omkring Årås skule og Austrheim Idrettspark som er i tråd med anleggsplanen.

Saksopplysningar:

Austrheim kommune gav i 2013 planleggingsfirmaet Asplan Viak AS oppdraget med å laga ein detaljert anleggsplan for uteområdet omkring Årås skule og Austrheim Idrettspark. Dette planleggingsarbeidet vart gjort ferdig hausten i 2013. Arbeidet skulle vera så detaljert at kommunen mellom anna kunne søkja tippemidlar for å gjennomføra tiltak som var med i denne planen. Det skulle og vera mogeleg å gjennomføra anleggsarbeid etter denne anleggsplanen. Formannskapet tok denne anleggsplanen til orientering i 2013. Kommunen ynskjer no å gjennomføra ein planendring på dette arealet som er i samsvar med anleggsplanen som planleggingsfirmaet Asplan Viak AS lagde her. Det er «Utbyggingsplan Årås skule og Austrheim Idrettspark.» som vart godkjent den 14.10.2008 som gjeld her i dag. Det er Austrheim kommune som er grunneigar i dette planområdet. Anleggsplanen som AsplanViak AS lagde vert planområde for dette planarbeidet. Planområdet grensar til Furuly som er ein bustadstifting for eldre. Det er og eit større LNF-område som grensar til planområdet i nord og i aust.



Flyfoto over viser planområdet med parkering, veg og skule- og idrettsområde på Årås.

Austrheim kommune ser at det er naudsynt å gjennomføra ein reguleringsendring på eigedommane som kommunen eig her og på den kommunale vegen her slik at bruken av desse areala framover vert i tråd med anleggsplanen som nyleg er ferdig. I dag er deler av dette arealet regulert til grønststruktur der det no er planlagt ein parkeringsplass. Reguleringsføresegnene i utbyggingsplanen og plankartet godkjent i 2008 styrer såleis bruken av desse areala i dag. Arealet som skal regulerast om er på om lag 80 dekar. Det er særleg viktig å få på plass ein planendring for å trygga dei mjuke trafikantane i området og for å få ein god trafikkløysing for skulebussane, tilsette og foreldre.

Reguleringsplankartet under er henta ut frå Braplan og viser heile planområdet til utbyggingsplanen. Det Austrheim kommune som skal gjennomføra planendinga. Kommunen har som mål at å få på plass ei god utvikling av dette uteområdet. For å få dette på plass må både reguleringsplankartet og føresegner endrast formelt gjennom ei planendring. Dei som er partar i området vil verta varsla på vanleg måte gjennom plan- og bygningslova sitt lovverk. Offentlege etatar som skal ha planendingar til uttale vert og varsla og kan koma med innspel til forslag på reguleringsendinga.

Plankart og reguleringsføresegner til «Utbyggingsplan Årså skule og Austrheim Idrettspark» under § 2 gjer at det er naudsynt med planendring her no:

§ 2 Fellesføresegner.

«Anlegg og bygningar skal plasserast slik det går fram av planen.»

Oversiktskart over eigedommane i planområdet ved Årså skule og Austrheim Idrettspark:



Vurdering:

Rådmannen synes det er fornuftig no å få på plass ei reguleringsendring i omsøkt område der «Utbyggingsplan Årså skule og Austrheim Idrettspark» godkjent i formannskapet 2008 gjeld. Rådmannen ser at ei planendringa er viktig for å få på plass ein arealbruk her som er formålsteneleg for ei god utvikling av dette viktige området som mange unge og eldre brukar dagleg i Austrheim kommune.

Planendringa må ha formell oppstart på vanleg måte. Det må lagast nytt arealformålsskart og nye føresegner til reguleringsplanen som må tilpassast dei kommunale eigedommane her og bruken av området. Det er særleg viktig for kunne løysa dei trafikale utfordringane i området. Det er anleggsplanen til Asplan Viak AS som var ferdig hausten 2013 som vert lagt til grunn for planendringa og som er planområdet i denne saka.

Rådmannen synes eigedommane som kommunen eig her på gnr. 142, bnr. 169 og 125 og gnr. 141. bnr. 17 og 18 og den kommunale vegen inn frå fylkesvegen er ei god avgrensing på planområdet for planendringa. Rådmannen har vurdert at planendringa som no skal utarbeidast ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter gjeldande forskrift.

Rådmannen rår til at planarbeidet startar opp med å få på plass ei planendring av uteområdet omkring Årås skule og Austrheim Idrettspark.

Konklusjon

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslar Austrheim kommune om igangsetting av planendring for uteområdet omkring Årås skule og Austrheim Idrettspark. Formålet er å leggja til rette for ei god utvikling av dette viktige skule- og idrettsområdet i Austrheim kommune.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Vedlagte saksdokument:

Utbyggingsplan for Årås skuleområde og Austrheim idrettspark (L)(22724)	537	24.02.2014
---	-----	------------

Sakspartar

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - K20	14/426

Høyring av utkast til Klimaplanen for Hordaland 2014 - 2030 - uttale

Vedlegg:

Høyring av utkast til Klimaplanen for Hordaland 2014 - 2030

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune synes det er viktig å arbeida for livskraftige knutepunkt og senter ulike stadar i Hordaland slik at me kan redusera behovet for persontransport til viktige tenestetilbod. Me meiner at fylket sin klimaplan må få fram at det å vare på og utvikla tenestetilbodet som innbyggjarane våre treng, der dei bur og arbeider er ei heilt sentral oppgåve i eit klimaperspektiv. Austrheim kommune vil peika på at fylket må vera dette bevisst i forhold til tannhelsetilbod, vidaregåande skule, kollektiv transporttilbod og andre offenlege tenester i fylket sin regi framover, det gjeld og i Austrheim. Dette må inn som mål og som strategiar i «Klimaplan for Hordaland 2014-2020.» I klimaplanen må det koma fram at måla og strategiane her må følgjast opp og sjåast i ein samanheng med det fylket elles arbeider med. Klimaplanen må difor vera styrande for «Kollektivstrategi for Hordaland» og for fylket si satsinga for å få på plass samanhengande gang- og sykkelveggar i heile fylket. Fylket må samarbeida nært med kommunane i heile fylket framover for å redusera klimagassutsleppa i Hordaland.

Saksopplysninger:

Fylkesutvalet vedtok 20. januar 2014 i sak nr. 31/2014 å senda utkast til klimaplan for Hordaland 2014-2030 på høyring. Klimaplan for Hordaland har status som regional plan i medhald av Plan- og bygningslova § 8-1. Klimaplan for Hordaland 2010-2020 skal rullerast etter 4 år. Det er slått fast Hordaland Fylke sin Regional planstrategi 2012-2016. Rulleringsarbeidet starta opp etter at Fylkesutvalet vedtok planprogram i april 2013. Hovudvekt er lagt på energitemaet og tema om tilpassing til klimaendringar. Framlegg til ny klimaplan byggjer i stor grad på den den forrige planen, men det er nye målformuleringar på fleire tema. Høyringsfrist er 23. april 2014.

Samstundes har fylket no sendt «Kollektivstrategi for Hordaland» ut på høyring, her er fristen 11. april. Som ansvarleg for kollektivtransporten har fylkeskommunen ei viktig og utfordrande oppgåve

med å utvikle kollektivtilbodet i tråd med politiske vedtak. Kollektivstrategi for Hordaland skal vise korleis fylkeskommunen vil arbeide for å nå nasjonale og regionale mål for kollektivtrafikken.

Når fylkestinget har vedtatt klimaplanen, er den gjeldande regional politikk på feltet, og den skal leggjast til grunn for fylkeskommunal, kommunal og statleg planlegging og verksemd. Planen har ein visjon, 3 hovudmål, mål for kvart av dei 5 tematiske kapitla, strategiar under måla og retningsliner for planlegging. Handlingsprogram til planen med konkrete tiltak vert lagt fram hausten 2014 og vert rullert årleg. Framlegg til visjon i klimaplanen er: «**Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet**»

Mål i framlegget til klimaplanen til fylket er:

KLIMAGASSUTSLEPP: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991.

ENERGI: Energibruken i Hordaland skal effektiviserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

TILPASSING TIL KLIMAENDRINGAR: Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

Vurdering:

Rådmannen ser at visjonen og dei tre hovudmåla i framlegg til klimaplanen er klare og ambisiøse. Rådmannen vil peike på at det er viktig for klimaet å arbeida for livskraftige knutepunkt og senter ulike stadar i Hordaland. Dette for dei offentlege og private instansane saman kan redusera behovet for persontransport til viktige tenestetilbod. Rådmannen meiner difor at det er viktig å ta vare på og utvikla tenestetilbodet som innbyggjarane våre treng der dei bur og arbeider og dette må in i strategien i klimaplanen. Rådmannen vil understreka at fylket må vera dette bevisst i forhold til tannhelsetilbod, vidaregåande skule, kollektiv transporttilbod og andre offentlege tenester i fylket sin regi framover. Rådmannen meiner at klare mål her med strategiar på dette området må inn i «klimaplan for Hordaland 2014-2020». Dette for at me saman skal redusera våre klimagassutslepp.

I «klimaplan for Hordaland «2014-2020» som no er på høyring må det koma fram at måla og strategiane må følgjast opp i handling og sjåast i samanheng med det fylket elles arbeider med. Livskraftige knutepunkt og senter er det difor viktig å ta vare på og utvikle i heile fylket vårt. Austrheim kommune vil sjølv arbeide for berekraftig utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet og som stimulerer til kortare og meir miljøvenlege reiser og som unngår nedbygging av verdifulle areal, men det er viktig at det regionale leddet er med her.

Rådmannen er glad for at det i strategien til fylket står det at «Fylkeskommunale bygg skal vere førebilete på miljø- og klimavenleg bygging og rehabilitering. Det er positiv at ein eigar har eit bevisst forhold til energibruken i egne bygningar. Det at fylkeskommunen skal halde fram med utbygging av infrastruktur for elbilar ser han og positivt på. Rådmannen ser at det står i planen at «*Målet er at det skal vere attraktivt å gå for alle og at fleire skal gå meir.*» og han vonar at meir midlar kan løyvest frå fylket til gang – og sykkelveggar framover.

Halvparten av klimagassutsleppa i Hordaland kjem frå transport, når olje- og gassverksemda ikkje er

medrekna. Rådmannen meiner difor at det er viktig å auka kollektivandelen i Nordhordland framover, den framtidige trafikkveksten i Nordhordland treng difor gode kollektive løysingar. Kollektivtilbodet må vere attraktivt og tenleg for innbyggjarane i heile fylket. Rådmannen meiner det bør koma tydeleg fram i klimaplanen sin strategi korleis fylket vil setta inn tiltak for at fleire av våre innbyggjarar i det daglege skal nytta kollektive tilbod til og frå arbeid og skule. Rådmannen meiner at klimaplanen må vera styrande for «Kollektivstrategi for Hordaland». Det inneber at eit viktig knutepunkt som Mastrevik i Nordhordland må vera funksjonell for dei reisande og ha eit godt rutetilbod for både pendlarar og skuleelevar.

I strategien til framlegg til klimaplanen står det og at. «*Sjøfartsnæringa i Hordaland skal ta i bruk den mest klimavennlege sjøfartsteknologien, og skal innan 2020 vere den mest berekraftige sjøtransporten i verda.*» Då vil rådmannen peika på at det hadde vore positiv om ferjene mellom Austrheim og Fedje (Sævrøy-Fedje) og Austrheim og Gulen (Leirvåg-Sløvåg) kunne vorte moderniserte med gass eller straum. Det ville redusert klimagassutsleppa betydeleg. Rådmannen er difor glad for at det under strategiar står at: «*Ved framtidige anbod på kollektivtrafikk, ferjer og snøggbåt i Hordaland skal fylkeskommunen krevje bruk av fornybar energi der det er mogleg.*»

Rådmannen er fornøgd med at klimaplanen får fram at Technology Center Mongstad held fram som verdas største senter for testing og forbetring av teknologiar for CO2-fangst. Behovet for forskning og innovasjon på karbonfangst er stort, og teknologiutviklinga ved TCM kan medverke til realiseringa av CCS, ein nødvendig tiltak i den globale klimasatsinga. Rådmannen vil peika på at varmen frå Statoil Mongstad bør kunne utnyttast til fjernvarme til verksemdene i området og vonar at fylket sin strategi i klimaplanen kan få med dette.

Fokus på å møte klimautfordringane er kome inn i den kommunale forvaltninga, men rådmannen vil understreka at klimagassutslepp, berekraft, miljø, trivsel og folkehelse heng saman. Rådmannen vil ha fleire konkrete strategiar i forhold til livskraftige knutepunkt og senter med i klimaplanen for å oppnå reduserte klimagassutslepp i Hordaland. Rådmannen meiner og at desse innspela her frå Austrheim kommune kan fylket alt no ta med i arbeidet med «*Handlingsprogram til planen med konkrete tiltak*» som skal leggast fram hausten 2014.

Konklusjon

Austrheim kommune synes det er viktig å arbeida for livskraftige knutepunkt og senter ulike stadar i Hordaland slik at me kan redusera behovet for persontransport til viktige tenestetilbod. Austrheim kommune meiner at fylket sin klimaplan må få fram at det å vare på og utvikla tenestetilbodet som innbyggjarane våre treng, der dei bur og arbeider er ei heilt sentral oppgåve i eit klimaperspektiv.

Austrheim kommune vil peika på at fylket må vera dette bevisst i forhold til tannhelsetilbod, vidaregåande skule, kollektiv transporttilbod og andre offenlege tenester i fylket sin regi framover, det gjeld og i Austrheim. Dette må inn som mål og som strategiar i «Klimaplan for Hordaland 2014-2020.» I «Klimaplan for Hordaland «2014-2020» må det koma fram at måla og strategiane her må følgjast opp og sjåast i ein samanheng med det fylket elles arbeider med. Klimaplanen må difor vera styrande for «Kollektivstrategi for Hordaland» og for fylket si satsinga for å få på plass samanhengande gang- og sykkelvegar i heile fylket. Fylket må samarbeida nært med kommunane i heile fylket framover for å redusera klimagassutsleppa i Hordaland.

Sjå eiga adresseliste

Dato: 24.02.2014
Vår ref.: 2014/12299-7 «REF»
Dykkar ref.:

Høyring av utkast til Klimaplanen for Hordaland 2014-2030

Fylkesutvalet vedtok 20. januar 2014 i sak nr. 31/2014 å senda utkast til klimaplan for Hordaland 2014-2030 på høyring. Klimaplan for Hordaland har status som regional plan i medhald av Plan- og bygningslova § 8-1.

Klimaplan for Hordaland 2010-2020 skal rullerast etter 4 år. Det er slått fast i Regional planstrategi 2012-2016. Rulleringsarbeidet starta opp etter at Fylkesutvalet vedtok planprogram i april 2013. Hovudvekt er lagt på energitemaet og tema om tilpassing til klimaendringar. Framlegg til ny klimaplan byggjer i stor grad på den førre planen, men alle kapitla er gjennomgått og justert, og det er nye målformuleringar på fleire tema.

Det vil bli arrangert høyringsmøte i mars 2014. Hovudmålgruppa for desse høyringsmøta er kommunane i Hordaland, men møta er opne for alle interesserte.

[Høyringsutkastet](#) er lagt ut på www.hordaland.no. Vi ber særleg om kommentarar og innspel på mål og strategidelen av planen, inkl. forslag til nye felles tiltak.

Kontaktperson er [Gudrun Mathisen](#), klima- og ressurs sjef i regionalavdelinga.

Høyringsfråsegner skal sendast seinast **23. april 2014** til:

E-post: regional@hfk.no

og/eller

Postadresse: Hordaland fylkeskommune
Regionalavdelinga
Klima- og naturressursseksjonen
Postboks 7900
5020 Bergen

Tom Christer Nilsen
fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
056/14	Formannskapet	PS	19.03.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Frode Hervik		14/399

Breibandutbygging i Austrheim - val av tilbod

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vel tilbod frå BKK, inkludert opsjonsområda, om breibandutbygging i Austrheim. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med BKK.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det er utarbeidd ein rapport om *Bredbåndsdekning 2012* av Nexia International for Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet. I følgje denne har 46 prosent av alle husstandane tilgang til ei hastigheit på over 12 Mbit/s. Dette er langt under tala for fylket som heilskap, der dekninga ligg på 87 prosent av husstandane. Det er vidare usikkert om denne hastigheita vil tilfredsstillе framtidige krav. Ut frå Stortingsmelding nr. 23 (2012-2013) ser det ut til at ein tek utgangspunkt i at 25 Mbit/s hastigheit er det ein bør planleggje digital infrastruktur etter. I følgje *Bredbåndsdekning 2012* ligg Austrheim lågast i fylket i dekninga med berre 1 prosent av husstandane med høve til ei slik hastigheit, medan tala for fylket totalt er 71 prosent.

Sjølv om Austrheim ligg lågt på dekninga av høgare hastigheitar på breiband, ligg tilhøva godt til rette for utbygging. Dette fordi det går fiberkabel gjennom kommunen, som per i dag primært vert nytta av bedriftene på Mongstad og dei kommunale einingane. Såleis bør det vere mogeleg utan for høge kostnader også å knytte bustadområde og verksemdar til denne.

Vurdering

Dei to tilboda hadde begge teke med alle opsjonsområda, og tilboda er såleis samanliknbare inkludert desse. På denne bakgrunn har ein teke utgangspunkt i tilbod inkludert opsjonsområda i

vurderinga av tilboda:

Tilbydar	Totalpris for Austrheim kommune (eks. mva)	Merknad
BKK	1.600.000	Full fiberløsning til husstandene. Tilbodet omfattar utlyste område og opsjonsområda, samt ei utviding.
Telenor	3.200.000	Full fiberløysing på Kaland. Dei andre områda er basert på fiber til node, deretter gjenbruk av kobberløsning til dei einskilde husstandene. Tilbodet omfattar utlyste område og opsjonsområda.

Såleis ser ein at tilbodet frå BKK ligg ein god del lågare i pris. I tillegg har dei teke med ytterlegare ca. 80 husstandar for å få ei meir hensiktsmessig utbygging etter deira vurdering. Dette betyr at også Fønnesvågen og Sætre vert med i utbygginga. Dette er svært positivt. Ut frå konkurransegrunnlaget er alle fylgjande kriterier vurdert med fylgjande relative vekting:

Kriterie	Vekting
Total utbyggingpris for Austrheim kommune.	40
Omfang på tilbudd leveranse, her vil antall abonnementer som løysinga vil bli tilbudt til vektlagt.	35
Tilknytningskostnad for slutt kunder.	10
Leveringstider. Herunder vil framdriftsplan og planlagt leveringstid vektleggast.	10
Kvalitet på, og leverandørens dokumenterte erfaring med tilsvarende leveranser.	5
Sum	100

Anbuds konkurransen er utført etter konkurranseform – åpen anbuds konkurransen. Evalueringa er utelatande gjennomført på bakgrunn av dei anbuds dokumenta som anbydarane har levert.

Alle tilbydarane er evaluert etter kriteria lista over og fikk fylgjande poengsummar:

Tilbydar	Poengsum
Telenor	735
BKK	1000

Når det gjeld folkehelse og miljø, har ein ikkje utbygging av fiberbasert breiband til å ha negative konsekvensar. Når det gjeld økonomi, vert utbygginga dekkja av det fylkeskommunale tilskotet og tilkoplingsavgifta til privatkundane. Det betyr at løyvinga i 2013 på 750.000 ikkje vert nytta i denne omgang.

Konklusjon

Austrheim kommune vel tilbod frå BKK, inkludert opsjonsområda, om breibandutbygging i Austrheim. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med BKK.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
057/14	Formannskapet	PS	19.03.2014
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE - 223, FE - &00	14/406

Retningslinjer for tildeling til dugnad ved større arrangement

Vedlegg:

retningslinjer for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement
skjema utbetaling av honorar for dugnad ved større arrangement
skjema søknad om tilskot til dugnad ved større arrangement

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune innfører ordninga med tilskot til dugnad ved større arrangement, og tilskotet vert tildelt etter «Retningslinjer for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement».

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Tilskot til dugnad ved større arrangement er ein ordning som har utvikla seg gjennom fleire år med Havsportsveke. I budsjettet 2014 vart det overført kr 100.000 til kulturavdelinga til dette formålet med tekst «Dugnad ved større arrangement».

Vurdering

Det er ein god ordning for lag og organisasjonar som nå er tenkt til større arrangement, og ikkje berre til Havsportsveka. Kulturavdelinga har delegert ansvar ved tildeling av ulike tilskot. «Kulturmidlar» og «tilskot til tiltak barn og unge» vert tildelt etter retningslinjer vedteke i kommunestyret i 2007. Det er oppretta ein komitè for tildelinga: Emma Hjelmtveit, Rigmor Ludvigsen, Jan Olav Osen og Kari Torkildsen Utkilen. Det er kulturleiar som sakshandsamar tilskota. Kommunen har system for utlysing av større tilskot, søknadsskjema og utbetaling.

Ordninga med «tilskot til dugnad ved større arrangement» vil bli tildelt etter same lest som kulturmidlar, og det er laga forslag til retningslinjer, søknadsskjema og skjema for utbetaling av honorar for dugnaden (vedlegg). Det er arrangør av større arrangement som søker om tilskot innan annonsert frist, og arrangør vil få tilsegn om tilskot. Etter at arrangementet er gjennomført må lag/org. som har gjort dugnaden fylle ut dugnadsskjema som vert underteikna av lag/org. og arrangør.

Kravet om utbetaling av honorar må stillast innan to månader etter avvikling av arrangementet. Honoraret vert utbetalt etter dugnadstimar, og ikkje ut over tilsegn som er tildelt arrangør. Dersom det visar seg at det var behov for mindre dugnad enn tilsegna som vart tildelt, vil dette ikkje bli utbetalt til arrangør. Ubrukte midlar vert brukt til ordninga «tilskot til dugnad ved større arrangement» med annen gangs utlysing. Første søknadsfrist er i starten av mai, og fell saman med andre tilskotsordningar. Rest av midlar kan tildelast i november.

I retningslinjer pkt 3 er nøkkeltal for fordelinga av tilskotet satt til 75% til Havsportsveka og 25% til andre større arrangement.

Konklusjon

Austrheim kommune innfører ordninga med tilskot til dugnad ved større arrangement, og tilskotet vert tildelt etter «Retningslinjer for tildeling av tilskot til dugnad ved større arrangement».



RETNINGSLINER FOR TILDELING AV TILSKOT TIL DUGNAD VED STØRRE ARRANGEMENT AUSTRHEIM KOMMUNE

I følge delegasjonsreglement § 3-24 har avdelingsleiar for kulturavdelinga delegert mynde til å tildela midlar til ei kvar tid fastsette retningslinjer for slik tildeling.

Reglement er laga av ei oppretta komité for tildeling av kulturmidlar, tilskot barn og ungdom, og tilskot til dugnad ved større arrangement:

Emma Hjelmtveit, Rigmor Ludvigsen, Jan Olav Osen, Kari Torkildsen Utkilen

1. Tilskot kan delast ut til frivillige lag og organisasjonar som er arrangør av større arrangement, og har sitt virke i Austrheim kommune. Det kan delast ut midlar til regionale organisasjonar og lag, som driv aktivitetar i kommunen. Tilskotet skal ikkje gå til einskildpersonar.
2. Tilsegn om tilskot til dugnad vert delt ut ein gong i året, i juni månad. Dersom det vert midlar igjen på budsjettet kan det også delast ut midlar i november månad.
3. Fordeling av tilskotet vert primært fordelt etter følgjande nøkkeltal:
 - Havsportsveka 75%
 - Andre 25 %
4. Tilsegn om tilskot til dugnad ved større arrangement skjer etter skriftleg søknad. Søknadsskjema vert automatisk sendt til dei laga som er registrert på kommunen si heimeside. Elles vert søknadsfrist lyst ut i Kyrkjebakken og på heimesida til kommunen.
5. Søknaden skal innehalde følgjande:
 - namn på søkjar
 - skildring av tiltak/prosjekt (innhald, føremål. m.m.)
 - målgruppe for arrangementet
 - kva lag/org. som vert invitert til dugnaden
 - tidsplan for arbeidet
 - økonomi/budsjett til arrangementet
6. Tilskotet skal ikkje gå til lag og organisasjonar som berre driv og/eller leiger ut bygg.
7. Utbetaling av honorar for dugnad skjer med bakgrunn i gjennomført dugnadsinnsats på arrangementet, og lag/org som krev betaling for dugnaden må fylle ut eige skjema som vert levert til servicekontoret, Austrheim kommune, innan to månader etter gjennomføring av dugnaden.
8. Austrheim kommune ønskjer at alle lag og organisasjonar tek i bruk kulturkalenderen på heimesida . Vi vil også oppfordre til samarbeid mellom lag og organisasjonar, og til å godta føljekort.



UTBETALING AV HONORAR FOR DUGNAD VED STØRRE ARRANGEMENT

Med bakgrunn i gjennomført dugnadsinnsats ved arrangement: _____

Namn på lag / organisasjon som krev honorar: _____

Rett på utbetalt honorar kr _____ for dugnaden som er utført.
(I tråd med retningsliner vedteke i kommunestyre 19. mars 2014)

Info:

Dato for tilsegn om tilskot til dugnad ved større arrangement	
Dato for dugnad	
Tal på personar på dugnad	
Samla timetal	
Avtalt timepris	
Totalt honorar for dugnad	
Honoraret vert utbetalt av Austrheim kommune til konto nummer	

Dato:

Underskrift dugnadsansvarleg lag/org

Underskrift arrangør

Austrheim kommune ved kulturavdelinga ansvar 255 teneste 3856 art 14707

Tilvist:



SØKNADSSKJEMA FOR TILSKOT TIL DUGNAD VED STØRRE ARRANGEMENT

Lag/organisasjon:

Leiar:

Adr.:

E-post adr.:

Tlf. privat:

Mobiltlf.:

Større arrangement de søker om tilskot til dugnad (innhald, føremål m.m.):

Målgruppe for arrangementet:

Lag/org. som vert invitert til å utføre dugnaden:

Tidsplan for arbeidet :

Økonomi/budsjett for arrangementet
evt. som vedlegg:

stad

dato

underskrift søker